

decim nunc et qvod excurrit anni sunt, cum ex hac ipsa cathedra nonnullos, qvi disciplinæ nostre  
tenus alumni fuerunt, academica civitate dignos Bector scholæ Christianiensis pronunciarem, qvam  
qvae cum studiis qvantaqe cum congratulatione civium omnis ordinis atqve dignitatis? Fuit ho  
ddam ejus ratiocinium, qvam summa contentione nunc demum consecuti sumus, ac velut diluc  
n diei, qvenam electo aspectus svillem, sed nebulis obscuratum, per casas ales prospectui no  
m amplius prospicere amemus, ut regione d' Hippo apud ap. ad Cor. possit. Hoc i  
tam læto anniversarii munere novorum civium nomina et optima qvæque minantium in publicum  
ind post longos annos hodie repetito iterum perfnngor et illustriori qvidem ratione, qvia cives non i  
nas sed in nostras tabulas relati nunc prodendi sunt; at neqvaqvam tamen eodem studio eademq  
minum freqventia. Accedunt aliæ caussæ, forsitan etiam potiores, turn qvod latini sermonis usus hi



**UiO • Universitetet i Oslo**

# Kyrkjebygg og kulturarv

*Aspekt ved materialitet og truspraksis*

Vetle Styve Sæbø

Fordypningsoppgave i teologi,

Universitetet i Oslo,

Det teologiske fakultet

Rettleiar:

Professor Hallgeir Elstad

Vår 2022

# Innholdsfortegnelse

<b>Kap 1 Bakgrunn, tema og problemstilling .....</b>	<b>3</b>
1.1    Bakgrunn og tema.....	3
1.2    Problemstilling og framgangsmåte .....	4
1.3    Litteratur som metode.....	5
1.4    Avklaring av terminologi og omgrep.....	5
1.4.1    Kyrkjeleg kulturarv og kulturminne .....	6
1.4.2    Materialitet .....	6
1.4.3    Tru og truspraksis .....	7
<b>Kap 2 Teori .....</b>	<b>8</b>
2.1    Sekularisering.....	8
2.2    Endring av rammebetingelsar for tru og religiositet. (Individuell tru).....	9
2.3    Nokon teoretiske aspekt ved materialitet.....	11
2.3.1    Objektiveringsteori:.....	11
2.3.2    Nærversteori:.....	12
<b>Kap 3 Kyrkje og lokalsamfunn .....</b>	<b>14</b>
3.1    Kyrkjedom.....	15
3.2    Kyrkje som fellesskap .....	17
3.3    Kyrkja som kriesenter.....	20
3.4    Identitet og lokal tilknyting .....	21
<b>Kap 4 Kyrkjeleg kulturarv under lupa .....</b>	<b>25</b>
4.1    Bakgrunn.....	26
4.2    Struktur, oppbygging og innhold.....	27
4.3    Formål/vedtak.....	28
<b>Kap 5 Det menneskelige, tru og materialitet.....</b>	<b>32</b>
5.1    Det materielle i kommunikasjon med den enkelte .....	32
5.2    Kyrkje utan relevans.....	36
5.3    Ivaretaking av kulturarva .....	36
<b>Kap 6 Konklusjon.....</b>	<b>39</b>
<b>Kjeldeliste.....</b>	<b>41</b>
<b>Mediehenvisningar .....</b>	<b>43</b>

# Kap 1 Bakgrunn, tema og problemstilling

## 1.1 Bakgrunn og tema

I Noreg har det eksistert kyrkjebygg i over tusen år i ulike former og fasonger. Dei har skapt tryggleik for mange, og hatt ei sentral plassering i kultulandskapet og vore ramme for menneskets tru og liv. Kyrkja kan tolkast både som kyrkjelyd, organisasjon, og som fysisk bygg, og dei ulike aspekta har ulik relevans i mennesket si tru. Som kristne har trua på Gud ei sentral rolle i våre liv. Korleis vi førestiller oss Gud og forstår kven Gud er, varierer frå person til person og gjennom ulike fasar av livet. Kyrkjelege handlingar som til dømes dåp, og gravferd, rammer inn livet og etablerer ein relasjon til Gud heilt frå livets inngang til livets utgang. Gjennom livet opplever vi ei varierande grad av blant anna glede, sorg, opp- og nedturar, og tru og tvil. I kor stor grad vi fokuserer på Gud i det daglegdagse, kan variere ut i frå den gitt livssituasjon vi er i. I enkelte fasar har det for mange vore meir naturleg å oppsøke Gud, og kyrkjebygget er i dette høvet ein felles arena som manifesterer guds nærværet. I Matteusevangeliet kapittel 18 vers 20 står det: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» Dette verset knyt menneske saman i trua på Gud. Samstundes vert kyrkjefellesskapet meir relevant enn kyrkjebygget.

Den norske kyrkja har som visjon at den skal vere: «ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekirkje.» (Kirken.no 2022). Desse adjektiva beskriv på mange måtar kva kyrkja ynskjer å vere, men legg ikkje føringar for kvar kyrkja skal vere. Sjølv om kristne praktiserer trua si annleis, frå individ til individ og til og med kyrkjelyd til kyrkjelyd, handlar det likevel om det same. Menneske søker den treeinige Gud. I ein rapport i forbinding med kyrkja si organisering seies det: «Kirken er der hvor mennesker samles i den treeinige Guds navn, der det døpes, bes, leses fra Guds ord og hvor brødet og vinen, Kristi legeme og blod, deles.» (Den norske kirke, 2000 s. 6). Denne utsegna løfter fram kyrkjelege handlingar og binder stad og kyrkjelyd saman. Men i kor stor grad staden for kyrkjelege handlingar er spesifisert til kyrkjebygget, vert ikkje presisert.

Igjen vert kyrkjefellesskapet framheva i større grad enn kyrkjebygget. Kyrkja er ikkje knytt til éin stad, men mange stadar. Når det er sagt er kyrkjebygget på mange måtar kyrkjefellesskapet og trua sitt ansikt i verda.

Kyrkja er der menneske møtes i tru, men det er ikkje alltid like enkelt for oss å gripe tak i trua. Korleis praktiserer vi tru, og kva er det vi faktisk trur på? Eg opplever desse spørsmåla som relevante når ein snakkar om kyrkjebygget. Kyrkja som bygg er eit materielt uttrykk for kristne tradisjonar, teologisk standpunkt, og plasserer kyrkja i ein historisk kontekst. Medan kyrkjelyden praktiserer tru, formidlar kyrkjebygget innhaldet i og ramme for trua og gir ei økt forståing av kvifor vi praktiserer trua slik vi gjer.

## 1.2 Problemstilling og framgangsmåte

I denne avhandlinga vil eg jobbe utifrå eit fokus på kyrkja som materiell kristendom, og eg spør: På kva måte er det materielle i kyrkjebygget, og bygget i seg sjølv viktig i den enkelte si praktisering av tru? Eg vil ikkje fokusere på bestemte kyrkjebygg, men denne avhandlinga drøfter i all hovudsak kyrkja i eit religionssosiologisk lys, på eit generelt grunnlag, med nokon perspektiv innan ekklesiologi og teologi.

Eg vel å bygge avhandlinga på eit dokument- og litteraturstudium. Eg vil gå inn på tidlegare studier innan religionssosiologi. Blant anna har eg valt å sjå nærmare på Ingrid Grindem Staurheim si avhandling *Kirkebygg og identitet. En religionssosiolistisk undersøkelse av folks forhold til kirkebygget belyst gjennom reaksjoner på (to) kirkebranner* (2020) med fokus på kva rolle eit kyrkjebygg har for eit lokalsamfunn og kyrkjelyden. Medan Staurheim vektlegg korleis kyrkjebygget er med på å skape og utforme menneskes identitet, ønsker eg å fokusere på kyrkjebygget sin materialitet og folk si religiøse tilknyting. Eg vil trekke fram nokre av Staurheim sine poeng i mi drøfting av kyrkjebygget si rolle i menneske si praktisering av tru. I denne drøftinga ser eg òg på Den norske kyrkja sin rapport *Kirkelig kulturarv* (2021) som ein svært relevant ressurs.

Målet med denne oppgåva er å belyse ulike aspekt ved det materielle i eit kyrkjebygg knytt til ulike former for truspraksis, med fokus på kyrkjebygget si rolle og betydning for menneske.

Det er mogleg å argumentere for den oppfatninga av at tru ikkje er avgrensa til eit bestemt kyrkjebygg, men at ulike kyrkjebygg legg til rette for ulik praktisering av tru. Difor spør eg: På kva måtar kommuniserer kyrkjebygget materielle gjenstandar med den enkelte si utøving av tru?

### 1.3 Litteratur som metode

I eit litteraturstudium opplever eg det som naturlig å sjå nærrare på kva forsking som er gjort på aktuelle fagområder. I ordets vidaste tyding inngår all tekstproduksjon, men i denne avhandlinga er det både hensiktsmessig og klokt å snevre inn omgrepet drastisk. I denne avhandlinga tolkar eg litteratur i tydinga vitskapelege studiar som gjer eit djupdykk i enkelte verk og forfattarskap innanfor bestemte tema.

Utover Staurheim, og ulike rapportar frå Den norske kyrkja, der rapporten om den kristne kulturarva (2021) er sentral, ynskjer eg å ta i bruk litteratur som seier meir om kyrkjebyggets teologiske og spirituelle funksjon, samt rolle og posisjon i lokalsamfunnet. Materiell kristendom ser eit lite utbredt forskingsfelt i norsk samanheng. (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 8). Litteraturen diskuterer i større grad det ekklesiologiske aspekt, altså spørsmål som omhandlar kva kyrkja er. Eksempel på dette er Harald Hegstad, *Folkekirke og Trosfellesskap. Et kirkesosiologisk og ekklesiologisk grunnproblem belyst gjennom en undersøkelse av tre norske menigheter* (1996). I denne oppgåva vil mitt fokus vere korleis det materielle kyrkjebygget og det materielle i eit kyrkjebygg kjem til uttrykk og kommuniserer med den enkelte. Eg opplever den valte tematikken som sært interessant og relevant for Den norske kyrkje i dagens situasjon. Sidan dette opplevast som eit noko uopptrakka felt, vil eg òg nytte litteratur som tar for seg kyrkjebyggets teologiske utforming og status i forskjellige by- og bygdesamfunn. Eksempel på dette omfattar blant anna: Sandal, Margunn. 2010. Pål Ketil Botvar og Ulla Schmidt, 2010. Sturla Stålsett, 2021. Egon Askvik, 2015. Sevat Lappegard, 2003. Dette gjer eg for å belyse spennande tematikkar og med hensikt å berike diskusjonen i mi eiga drøfting.

### 1.4 Avklaring av terminologi og omgrep

I dette delkapittelet ynskjer eg å løfte fram og tydeleggjere ulike omgrep som eg drøfta seinare i denne avhandlinga. Det materielle kyrkjebygg som kulturarv, og rolla

det har for vår praktisering av tru, vil få ein stor del i denne avhandlinga, og det vil difor vere naturlig å definere følgande omgrep i ei tredeling under: kyrkjeleg kulturarv og kulturminne, materialitet, samt tru og truspraksis.

#### 1.4.1 Kyrkjeleg kulturarv og kulturminne

Når eg i denne avhandlinga refererer til «kyrkjeleg kulturarv» som omgrep, i samanheng med, og utover rapporten frå Den norske kyrkje (2021), omfattar dette i bun og grunn alt som står i samanheng til kristen tru og praksis. Det er med andre ord mykje som fell under desse omgrepene, og for å skilje ting frå kvarande, vert kulturminner ofte igjen definerte som enten materielle eller immaterielle.

#### 1.4.2 Materialitet

I rapporten Kirkelig kulturarv spesifiserast det at kyrkja si historie, tradisjon, så vell som kyrkjebygget i seg sjølv, må tas vare på. Både det materielle og immaterielle.

«Et materielt kirkelig kulturminne kan være et kirkebygg eller en døpefont, mens tradisjonene, fortellingene, ritualene og historien som er forbundet med bygget og fonten ofte blir omtalt som immaterielle kulturminner.» (Den norske kirke, 2021, 7).

I denne avhandlinga vil eg på generelt grunnlag primært fokusere på materielle kulturminner, men som eg også vil sjå nærmere på i kapittel 3 henger det immaterielle saman med- og gir det materielle ei større tyding.

Omgrepet materiell kultur omfattar både det konkrete og det abstrakte. Bjarne Rogan beskriv kultur-omgrepet som mangfoldig og fleirtydig, men legg til at omgrepet skildrar det ikkje-materielle. «Ved å tilføre materiell til kulturbegrepet hentes det ikke bare inn en motsats, men også en supplering, da begrepet med det omslutter både det konkrete og det abstrakte, både det materielle og det immaterielle.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 54-55).

I denne avhandlinga definerer eg kyrkjebygg som materiell kultur. I forlenging av dette opplever eg det som naturlig å trekke inn omgrepet materiell kristendom, i forståinga det materielle sin funksjon og rolle i utøving av kristendom.

Når eg snakkar om materialitet, er det med ei forståing av at omgrepet fattar meir enn berre dei heilt konkrete ting. Like mykje vel eg å vektlegge eit fokus på den konkrete tingens funksjon, ikkje i form av kva den brukast til, men korleis denne tingen appellerer til den enkelte, slik også Staurheim presiserer i hennar avhandling:

«Når jeg bruker begrepet [materialitet] er det ikke bare for å diskutere materialer og deres prosessuelle eigenskaper. Det er også et forsøk på å utvikle et generelt teoretisk og konseptuelt rammeverk for å forstå disse i relasjon til mennesker og deres verdener. Jeg forsøker å få tak på hvordan tings materielle eigenskaper på grunnleggende vis påvirker menneskelig atferd, hvordan det både gir folk muligheter og makt og setter begrensninger.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 55). (Bjarne Rogan, 2011, 315).

På bakgrunn av dette opplever eg materialitet, ikkje som eit fokus på tings nytteverdi, men heller som eit fokus på korleis ulike gjenstandar kommuniserer med oss menneske.

#### 1.4.3 Tru og truspraksis

I dagligtalen vert tru forstått som eit generelt ord som omfattar ulike oppfatningar, og hypotesar som ein på tross av eit avgrensa grunnlag for argumentasjon, slår fast som sanning. I denne avhandlinga avgrensar eg omgrepet til å utelukkande gjelde oppfatningar knytt til kristendom og Guds, Jesus og Den heilage ande sin eksistens. I forlenging av dette vert truspraksis ei tolking av handlingar som atterspeglar trua. Her vel eg òg å avgrense omfanget av truspraksis til kyrkjeleg rite, underforstått dåp, vigsel, gravferd og så vidare, i tillegg til nattverd, bønn, liturgi, lytte til bibelfortellingar, og så vidare. Eit viktig poeng i seinare drøfting i denne avhandlinga, er at trua vert manifestert gjennom det materielle. Slik får kyrkjebygget og andre materielle kulturminner ei sentral rolle i vår utøving av tru.

## Kap 2 Teori

I supplement til litteratueren eg drøftar i denne avhandlinga, vil eg i dette kapittelet legge fram dei mest sentrale teoretiske aspekta eg drar nytte av i denne avhandlinga. Eg tar i bruk teori eg vurderer som relevant opp imot problemstillinga og viktig i avgrensing av denne avhandlinga. Teoriar eg nyttar er med på å danne grunnlaget for den faglege drøftinga og aukar forståinga av- og tydeliggjer fagfeltets rammer. I denne avhandlinga vel eg å trekke fram teoriar og omgrep som er med på å tydeleggjere det materielle sin relevans og aktualitet for menneske. I ei spesifisering av kyrkjebygget sin relevans, og tydeleg avgrensing av avhandlinga sitt omfang, vil eg i seinare kapittel trekke fram litteratur som bygg opp under teori og diskuterar korleis det materielle spelar ei rolle i den enkeltes praktisering av kristen tru.

### 2.1 Sekularisering

Først ynskjer eg å legge fram nokre aspekt ved sekulariseringsteori. Eg vil sterkt argumentere for at teori knytt til sekularisering, peikar på nokre utfordringar kyrkja står ovanfor i dagens samfunn, og problematiserer forholdet mellom kyrkjebygg og lokalsamfunn og samstundes dannar bakteppe for drøftinga i denne avhandlinga. Kyrkjene i Noreg har sterke røter som strekk seg fleire hundre år tilbake i tid, og dei fortsett å prege historia. Samtidig ser vi ein aukande tendens til tomme og ubrukte kyrkjer i takt med synkande medlemstall. Dette på tross av at religion og ulike truspraksisar får stor merksemd i media. Kloden vi bur på vert berre mindre og mindre, ikkje i størrelse, men i form av at alt er så tilgjengeleg. Andre land og kulturar er berre ei kort flyreise unna, og det vi ikkje får oppleve sjølve, får vi likevel ta del i gjennom TV- og dataskjermar i spelefilmar, dokumentalar, nyheitssakar og debattar. (Pål Ketil Botvar, 2010, 11). Når det er sagt forårsakar ikkje religionars aukande merksemd i media at folk er blitt meir religiøse. Snarare tvert imot har forskarar, der i blant Steve Bruce og Ronald Ingleheart spekulert i at samfunn blir mindre religiøse dess meir moderne dei blir. Denne forma for sekulariseringsteori kan grunngjevast i at modernisering kjem i vegen for tradisjonar og praksisar knytt til religion.

I 2020 var 67,7 prosent av den norske befolkninga medlem av den norske kyrkje. Teolog Sturla Stålsett slår fast, i boka Det livssynsåpne samfunn, at dette talet sett i eit samtids-perspektiv er høgt, men at det historisk sett er lågare no en tidlegare år.

«I 1970 var andelen av befolkningen som var medlemmer i Den norske kirke 94 prosent. I 1988 var den på 88 prosent, i 2012 77 prosent.» (Sturla J. Stålsett, 2021, 23).

I 2021 viser medlemstalet på Den norske kyrke si nettside (<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/bakgrunn/kirkestatistikk/medlemsstatistikk/> Henta 15.05.2022) at 66 prosent av befolkninga hører til Den norske kyrkje. Både Botvar og Stålsett peikar på ein samanheng mellom sekularisering og Den norske kyrkje låge medlemstal, og framhevar tre inndelingar innan sekulariseringsteori:

- (1) religiøse institusjoner mister innflytelse;
- (2) religion blir mindre viktig i samfunnet;
- (3) religion blir mindre viktig for hver enkelt. (Sturla J. Stålsett, 2021, 26 & Pål Ketil Borvar, 2010, 12).

Fleire religionar si aukande merksemd i media tyder på at punkt to i tredelinga ovanfor er mindre gjeldande. Samstundes framhevast punkt nummer éin i samanheng med modernisering av samfunnet. Argumentasjonen baserer seg på at eldre tradisjonar knytt til tru og religion forsvinn i takt med at moderniseringa i form av til dømes teknologi, økonomi, og vitenskap utviklar seg i nye retningar. På bakgrunn av dette ser ein at menneskes religiøse tilknyting vert hardt råka. Religion og andre inndelingar av samfunnet isolerast og mister påverkingskraft ovanfor kvarandre. Kyrkja og andre religiøse institusjonar mister innflytelse. Som ein konsekvens av dette vert religion og truspraksis privatisert, og tolka ulikt frå person til person utan at det påverkar eller vert påverka av andre delar av samfunnet. Vidare vil eg sjå nærare på korleis ulike former for religionsutøving og praksis spelar ei rolle i menneskes tilknyting til kyrkja.

## 2.2 Endring av rammebetingelsar for tru og religiøsitet. (Individuell tru)

Religion er meir og meir tilgjengelig. Religiøse skrifter er oversett til fleire språk, og er berre eit tastetrykk unna. Heit fram til det 19. århundre var det i Noreg lovfesta kva ein skulle tru på og korleis ein skulle praktisere trua si. Det var både døypeplikt fram til 1904, obligatorisk konfirmasjon fram til 1911, og nattverdsplikt fram til 1913. (Sturla J. Stålsett, 2021, 37). I dag er det å vere kristen ikkje lengre eintydig. Vi tolkar

bibeltekstar forskjellig, vi vektlegger kristne verdiar ulikt, og vi finn inspirasjon frå andre religionar som vi innlemmar i vår eiga modifiserte tru. Dette medfører eit stort handlingsrom og rik variasjon i truspraksis og utøving av religion. På denne måten kan Den norske kyrkje sine synkande medlemstal grunngjenvast fordi kvart enkelt individ bryt med den institusjonelle tru, og tilpassar trua si til sin eigen livsstil.

I boka *The spiritual revolution* (2004) slår Linda Woodhead og Paul Heelas fast at den nye forma for individuell tru og alternativ religiøsitet i større grad tek over for meir tradisjonelle kyrkjelege praksisar. Samtidig peiker Pål Ketil Botvar (2010) på at individualisering ikkje fører til svekka religiøsitet. På bakgrunn av dette opplever eg det som naturleg å stille spørsmålet: Treng vi kyrkja for å praktisere tru? Svaret på dette er avhengig av korleis vi tolkar kyrkje som omgrep. Det er fleire måtar å beskrive kva kyrkje er. Om vi går til trussamfunnslova kan vi lese: «Med tros- og livssynssamfunn menes i denne loven sammenslutninger for felles utøvelse av tro eller livssyn.» (Lov om tro og livssyn §1). I boka Det livsynsåpne samfunn (2021) legger Sturla J. Stålsett til at:

Virksomheten er felles, og består gjerne i jevnlige sammenkomster for utøvelse eller utvikling av tro eller livssyn gjennom møter eller gudstjenester, bønn, meditasjon, ritualer eller tilsvarende. (Sturla J. Stålsett, 2021. s 57).

I denne definisjonen vil eg trekke fram bruken av ordet «felles». Medan ein konsekvens av individualisering er at kvar enkelt på bakgrunn av eigne erfaringar bryt ut av ein gitt religions-institusjon, til dømes kyrkja (Anthony Giddens 1991 & Ulrich Beck 2001 & Pål Ketil Botvar 2010), vil eg på bakgrunn av Stålsett sitt utsegn ovanfor, argumentere for at det er vi enkeltindivid som saman er kyrkja. Eg hevder at vi treng kyrkjefellesskapet. At vi ikkje skal vere nøydt til å, frivillig eller ufrivillig, bryte ut fordi det ikkje rommar oss og vår tru, men oppsøke eit fellesskap der vi, saman med andre, får utøve og utfordre vår tru. Det er derfor ikkje tilstrekkelig å spør om vi treng kyrkja for å praktisere tru, fordi det er sjølvsagt etter mi meinings. Eg vil derfor vidare sjå nærmare på kva måtar ulike religionsutøvingar er avgrensa til kyrkjebygget, i håp om å komme nærmare ein rikare refleksjon over kyrkjebygget si rolle i den enkeltes utøving og praktisering av tru.

## 2.3 Nokon teoretiske aspekt ved materialitet

I jakt på kyrkjebygget og det materielle si rolle i mennesket sin truspraksis, ynskjer eg å nytte teori som grip an menneske si bevisstheit og tilknyting til sin materielle sfære. I det høvet vel eg å fokusere på materialitet som teori, og trekke fram ulike tankesett frå fagfeltet materiell kultur. Materiell kultur er eit vidt omgrep som omfattar alt i kryssingspunktet mellom materialitet definert som blant anna fysiske objekt, artefaktar, landskap og konkrete stadar, og kultur-omgrepet definert som det abstrakte og immaterielle, som til dømes musikk, litteratur, og så vidare. Vesentleg for forståinga av den materielle kulturen er at det materielle står i ein direkte og uatskilleleg samanheng med menneskeleg kultur. (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 55). Som forskingsfelt fokuserer materiell kultur på å definere denne samanhengen mellom konkrete gjenstandar og det abstrakte, samstundes som ein diskuterer korleis det immaterielle kjem til uttrykk gjennom materialitet, og korleis vi opplever, sansar og identifiserer oss med det materielle. «Det er gjennom å inkludere det materielle i kulturbegrepet at man kan forstå seg selv.» (Daniel Miller, 1987, 3). Vidare vil eg trekke fram nokre aspekt ved tre teoriar som eg hevder atterspeglar mennesket sin relasjon til det materielle. I gjennomgangen nedanfor trekk eg fram objektiveringsteori, teori knytt til habitus, og nærværsteori, for å i seinare kapittel kunne drøfte samanhengen mellom kristen truspraksis og den enkelte si tilknyting til kyrkjebygget.

### 2.3.1 Objektiveringsteori:

Som nemnt i kapittelet over, så handlar materiell kultur i stor grad om ulike ting si samhandling med menneske. (Bjarne Rogan, 2011, 344). Sentralt i denne tankegangen står den britiske antropologen Daniel Miller sin teori om objektivering. Teorien bygg på tanken om at det subjektive og objektive eksisterer i ein kommunikativ og tosidig relasjon. Med «kommunikativ» meinast ikkje verbalt språk, men ei bevisstgjering av si eiga sfære. «Ifølge Miller, trenger mennesket det materielle for å forstå seg selv.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 11). Staurheim legg til at det materielle først får mening når det sjåast i relasjon til menneske. Ein annan som frontar objektiveringsteorien aktivt er: Christopher Tilley. I boka *Handbook of material culture*, legg han til nokon idear om relasjonen mellom menneske og ting. Han understreker at mennesket si bevisstgjering av sine materielle omgivnadar er

sentral i relasjonen, og beskriv objektivering som ein tosidig mynt. (Christopher Tilley, 2006, 61).

«Den materielle virkeligheten kan forstås som subjektets ytre side. Selv om det materielle og mennesket ikke er det samme, er avhengigheten og samhandlingen så nært knyttet til hverandre at et reelt skille ikke er mulig. Menneskets bevissthet materialiseres i tingene, og i møte med tingene skapes bevissthet.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 57).

Med bakgrunn i objektiveringsteorien vert det tydelegare at tinga, og dei arkitektoniske utsmykkingane i eit kyrkjebygg, og bygget i seg sjølv kommuniserer med den enkelte gjennom ei bevisstgjering.

### 2.3.2 Nærversteori:

I likskap med Staurheim, vel eg å trekke fram desse teoriane fordi dei fortel oss, ikkje berre at det materielle samhandlar med oss menneske, men også går inn på korleis denne relasjonen vert etablert og ivaretatt. Eit viktig poeng er at desse teoriane ikkje tar høgde for materielle gjenstandar sin eigenverdi, men heller understreker at verdien først vert gjeldande i kontakt med menneske. Til dømes ein benk ute i hagen som du har laga, i seg sjølv ikkje er så mykje å rope hurra for. Ein benk er, og vert ein benk. Det som gjer din benk verdifull er at du synes den er fin, at du har brukt tid på å snekre den, og at du kan gå ut i hagen å sitte på denne benken. Bjarne Rogan skriv: «Når mennesker forholder seg til ting – når de anskaffer dem, lager dem, samler dem, klassifiserer dem, stiller dem ut, omgir seg med dem, snakker om dem, avhender dem – skaper de samtidig seg selv og sin identitet.» (Bjarne Rogan, 2011, 341). Hans Ulrich Gumbrecht er ein tysk litteraturvitar som står i spissen for omgrepet «production of presence» omsett av Ingrid Grindem Staurheim til «nærværssopplevelse.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 61). Omgrepet vektlegg ein tankegang som i likskap med Bourdieu sin habitus-teori vektlegg kroppen som ein reiskap for vår verkelegheitsforståing. I tillegg til dette føresetter Gumbrecht menneske si evne til å sanse i nærvær av det materielle. I avhandlinga Kyrkjebygg og identitet skriv Staurheim at: «Gumbrecht hevder at mennesker trenger nærværssopplevelsene, fordi de er menneskets pre-bevissthetsbehov for å tilhøre et

bestemt samfunn.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 61). Eg hevder at dette kan trekkast tilbake til Den norske kyrkja sine stadig fallande medlemstal, og korleis dette heng saman med den enkelte si tilknyting til eit bestemt kyrkjebygg.

Det er interessant å sjå korleis kyrkja mister medlem, og om dette har ein samanheng med at den enkelte ikkje lenger identifiserer seg med kyrkjebygget. Vidare i denne avhandlinga ynskjer eg å undersøke på kva måtar vår truspraksis og identitet heng saman, og korleis dette atterspeglast i vår tilknyting til kyrkjebygget. Dette gjer eg ved å trekke fram ulike bruksområder ved kyrkjebygget som eg meiner kjem fram i kyrkjelyden si praktisering av tru, samt formar identitet hos den enkelte i eit lokalsamfunn.

## Kap 3 Kyrkje og lokalsamfunn

Kyrkjebygget i seg sjølv materialiserer eit gudsnærvær gjennom til dømes tradisjon, kyrkjelege riter, arkitektur, liturgi, musikk, og så vidare, og kroppen og sansing av det materielle er vårt nytteverktøy for å forstå forholdet mellom det menneskelige og materialitet. Tradisjonar og fortellingar om Gud vert materialisert slik at vi kan komme i kontakt med, og utvide vår kjennskap til Gud. På mange måtar kan ein argumentere for at kyrkjebygget knyt oss fast til Gud, og spelar ei sentral rolle for Guds nærvær i våre liv. I dette kapittelet skal eg fokusere på kyrkjebygget sine ulike rollar og statusar for ulike aktørar i eit lokalsamfunn. Eg vil òg sjå nærmere på korleis ulike oppfatningar av kva kyrkjebygget er, spelar inn i vår tilknyting til kyrkja som ein materiell storleik i våre omgjevnadar. Eg vil her gjere eit litteraturstudium og løfte fram relevant litteratur med fokus på ulike roller ved kyrkjebygget. Gjennom dette vil eg sjå nærmere på korleis det materielle kyrkjebygget kommuniserer mellom det materielle og den enkelte.

Først vil det vere naturleg å sjå nærmere på korleis Den norske kyrkja definerer seg sjølv og sitt oppdrag, og vidare drøfte kyrkjebygget si rolle i denne definisjonen. Kyrkja sin sjølvdefinisjon er å vere vedkjennande, misjonerande, tenande og open. (Den norske kirke, 2000, 6). Delrapporten som har fått namnet *Hva er kirken? En ekklesiologi*, vart laga av eit utval sett ned av Kyrkjerådet i 1998, og var ein del av det kyrkjelege utgreiingsarbeidet den gongen om forholdet mellom kyrkje og stat og korleis kyrkja skulle organiserast i framtida, det såkalla Bakkevig-utvalet. Delrapporten, som kom i 2000, hadde som føremål å kartlegge korleis vi forstår kyrkja. (Den norske kirke, 2000, 4). I denne samanhengen er det interessant å notere at aspekt kring kyrkjebygget som materialitet, ikkje direkte kjem fram i eit arbeid som siktar på å definere kyrkja. Det er likevel rimeleg å argumentere for at bruken av ordet "folkekirkje" føreset ein relasjon mellom menneske og den kyrkjeleg kulturarven som òg inkluderer kyrkjebygget sin materialitet. Mellom anna refererer delrapporten til at omgrepene vert brukt om kyrkjer som deler si historie med eit folks historie. (Den norske kirke, 2000, 12). Ein grunntanke er at Den norske kyrkja, i kraft av å vere folkekirkje, skal vere ei kyrkje som fremmer og inkluderer det større fellesskapet, samfunnet, og slik er ei kollektiv kyrkje for alle. Dette blir til dømes

spegla i namnet «Den norske kyrkja», som kom i allminneleg bruk tidleg på 1900-talet, og som gjev assosiasjonar til denne som nasjonalkyrkje.

På grunnlag av delrapporten sitt primærfokus på fellesskap, vil eg argumentere for ei manglande sjølvbevissthet på kyrkjebygget si rolle. Der imot har kyrkja 20 år seinare utarbeida ein ny rapport som tar føre seg kyrkjebygget som ein sentral del av kyrkja si kulturarv. Denne rapporten skal eg gå nærmare inn på i kapittel 4, men det peiker på ei endring i tankesett knyt til kyrkja sin sjølvforståing.

Frå gamalt av var kyrkjene ofte etablert av kongar, og bygd på stadar der folk ferdes, enten det var i nærleiken av store gardar, eller stadar for tilbeding av dei norrøne gudane. Dette førte til at kyrkjebygget som lokalt samlingspunkt vart vidareført, samstundes som kyrkjestaden òg vart utgangspunkt for til dømes plasseringa av skular, handelsstadar og andre nyttebygg knytt til lokalsamfunnet. (Den norske kirke, 2021, 16). På denne måten kan vil eg slå fast at kyrkjebygget si utsmykking, arkitektoniske utforming, og plassering, og så videre, atterspeglar og knyt oss til ein rikare tradisjon og historie. Når det er sagt, vil eg argumentere for at den enkelte si tilknyting til kyrkjebygget gjennom historia er definert ut frå kva ein ynskjer at kyrkjebygget skal vere. Kyrkjebygget har spelt ei viktig rolle i menneskes liv opp gjennom historia. (Den norske kirke, 2021, 16). Det er tydeleg at så lenge det har funnes kyrkjebygg, har det òg hatt ulike funksjonar både som landemerke, knytepunkt i lokalsamfunnet og arena for truspraksis. Difor vert det naturleg å trekke fram kyrkjebyggets ulike roller i lokalsamfunnet når eg vidare i dette kapittelet drøftar relasjonen mellom det materielle kyrkjebygget og vår utøving av tru.

### 3.1 Kyrkjerom

«Kirkebyggene våre er reist for å være rom for gudstjeneste.» (Den norske kirke, 2021, 10). Denne definisjonen representerer ei eintydig tolking av kva eit kyrkjebygg skal vere. Ei tolking som baserer seg på gudstenesta som samlande rite og utelukkande definerer kyrkja som der menneske samlast i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. I denne eintydige tolkinga skal kyrkja vere eit møtepunkt mellom Gud og menneske, og ein arena der kristne kan samast for bøn, forkynning

av Guds ord, og mottaking av sakamenta. Kyrkjer som ikkje nyttast til dette formål, er lik eit kva som helst anna tomt og ubrukt bygg. Kyrkjene knytast til utøving av tru og får verdi ut i frå dei truspraksisar som har funne stad på den aktuelle plassen. Åndelege erfaringar vert knyt til det materielle og tydeleggjer samanhengen mellom kyrkjebygg og truspraksis. (Den norske kirke, 2021, 106). Det materielle i eit kyrkjebygg og bygget i seg sjølv får ei sentral rolle og verdi fordi det forsterkar forkynninga, liturgi og innhaldet i gudstenesta. Med andre ord: Materialiteten byggjer opp om og er til for gudstenestefeiringa.

Rapporten *Kirkelig kulturarv*, som eg analyserer meir detaljert i kapittel 4, legg fram at vår truspraksis kjem til uttrykk gjennom det materielle. Kyrkjebyggets utforming og utsmykking er gjennom historia basert på rammene for gudstenestefeiringa. Sjølv om innhaldet i ei gudsteneste kan variere frå kyrkjelyd til kyrkjelyd, er grunnordninga for gudstenester lik for alle kyrkjelydar innanfor Den norske kyrkje. «De fleste kirkesamfunn har en felles struktur (ordo) på gudstjenesten: en samlingsdel, en orddel med bibellesninger, preken og forbønn, en nattverdsdel og en avslutningsdel. Den norske kirkes gudstjeneste fra 2011 følger samme ordo.» (Den norske kirke, 2021, 10). Likevel ser vi store forskjellar på kyrkjene i Noreg både når det gjelder fasong, byggingsmaterial, innvendig og utvendig utsmykking, osv. Desse ulikhetene formidlar ulike former for teologi, og legg til rette for ulike aspekt ved den enkelte sin truspraksis.

Til dømes representerer Sør-Fron kyrkje i Gudbrandsdalen, innvia i 1792, (Den norske kirke, 2021, 28), ei sentralisert utforming av kyrkjerommet, der kyrkjelyden samlast rundt eit prekestolsalter i sentrum. Det som skjer ved alteret får stor betydning og merksemd, samstundes som trua materialisert i ordet, også står i sentrum. På den måten speglast den Lutherske forståing av trua som einaste veg til Gud. I ein kontrast til dette materielle uttrykket for teologi, kan vi sjå at kyrkjer der alteret er separert frå kyrkjeskipet med ein skiljevegg, som til dømes i Fluberg kirke i Søndre land, er altertenesta og den alle heilagaste avgrensa og samstundes framheva. I slike høver vart kor-delen av kyrkja forstått som eit bilet på himmelen, medan kyrkjeskipet var verda. (Den norske kirke, 2021, 48). På den måten vert det tydeleg at dei ulike kyrkjebygga vi har i Noreg, høyrer til ulike epokar i historia der vektlegging av liturgi, og teologi, samt aspekt ved den kristne trua varierer frå

kvarandre, og bidrar til vår mangfaldige kyrkjearkitektur. Dei ulike kyrkjene i Noreg peikar på ritar og endringane i desse. Dermed bindast det materielle til ein historisk kontekst som igjen knyt den enkelte til eit større fellesskap av truande.

### 3.2 Kyrkje som fellesskap

For mange er ikkje ordet kyrkje eine og aleine forbunde med det materielle bygget. Kyrkja definerast ikkje av kyrkjebygget si plassering, men kyrkja er kyrkjelyden og fellesskapet i utøvinga av tru. Utan oss er kyrkjebygget berre eit tomt hus. Det er vi som er kyrkja. Den anerkjente salmediktaren N. F. S. Grundtvig lyfter òg fram kyrkja og vi-et i salme «Kirken den er et gammelt hus»:

«Vi er Guds hus og kirke nu,  
bygget av levende stener,  
som under kors med ærlig hu  
troen og dåpen forener.  
Var vi på jord ei mer enn to,  
bygge dog ville han og bo  
hos oss med hele sin nåde.» (Norsk salmebok, 2013, nr. 530).

Vidare i salmen trekker Grundtvig fram dei materielle artefakter knyt til dei kyrkjelege ritane, til dømes døypefonten og alteret. Eg vil hevde at denne salmen ikkje berre peikar på eit fellesskap, men enda viktigare, knyt dette fellesskapet saman med utøving av tru. På den måten får det materielle ein heilt tydeleg funksjon i den enkeltes utøving av tru. «Kirken er der hvor mennesker samles i Den treenige Guds navn, der det døpes, bes, leses fra Guds ord og hvor brødet og vinen, Kristi legeme og blod deles.» (Den norske kirke, 2000, 7). Dette sitatet peikar i likskap med Grundtvigs salme òg tilbake på utøving av tru, og i forlenging av dette vil eg argumentere for at kyrkja i like stor grad som den legg til rette for utøving av tru, òg dannar eit fellesskap, både lokalt, nasjonalt og globalt. Samlingspunktet rundt dei kyrkjelege ritane er ikkje avgrensa til eitt kyrkjebygg. Praksisar kan variere, men uansett kvar du er i verda, samlast folk i Guds namn. Nærare bestemt er kyrkja eit Kristusfellesskap, fordi det er trua på Kristus, og dermed Kristus sjølv som samlar menneske:

«Vi er blitt ett fellesskap på tvers av alt som ellers skiller oss. I menigheten velger vi ikke hvem vi vil høre sammen med. Det er Kristus som samler oss.» (Den norske kirke, 2000, 8).

Eit problem som oppstår når ein knyt kyrkjebygget utelukkande til utøving av tru, er at det avgrensar kven kyrkja er for. Det kan vere ein oppleving at dersom du ikkje tar del i gudstenester og andre kyrkjelege handlingar som atterspeglar din kristelege truspraksis, er ikkje kyrkja for deg.

Kyrkjene rundt om i heile Noreg, om ikkje heile verden, har fleire funksjonar. Ja, kyrkjene er ”nyttebygg” som i stor grad er arena for gudstenestefeiring, men det er samtidig tydeleg at kyrkjene også knyt oss saman i ein større fellesskap enn den gudstenestefeirande kyrkjelyden. (KM 21.0/21, 6). Dersom det er gudstenesta som står i sentrum, er kyrkja degradert til sekundær. Med dette meiner eg dersom du ikkje praktiserer tru gjennom gudstenester eller andre kyrkjelege handlingar, mister det materielle si aktive rolle i praktisering av tru, samstundes som den enkelte vert utelatt frå det fellesskapet som blant anne folkekyrkje-omgrepet legg opp til.

Både i store byer og mindre bygder fungere kyrkjebygget som eit samlingspunkt. I eit intervju med ei rekke informantar kjem det fram hos Staurheim at både sosiale arrangement og ulike konserter i kyrkjebygget, trekk folk inn i fellesskapet. (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 127-128). Dette fører til at folk som ikkje praktiserer tru gjennom gudstenester, òg får ei tilknyting til kyrkjebygget. I tillegg vil tilknyting til lokalsamfunnet, som eg vil sjå nærare på i seinare kapittel, auke oppslutninga rundt andre kyrkjelege handlingar som til dømes gravferd. Når nokon i lokalsamfunnet går bort, vil ein som tilhørar av same lokalsamfunn vil ein naturlegvis delta i handlingar som vidarefører og bekreftar tilhøyringa og relasjonen.

«Handlingen gravferd er fellesskapets siste tjeneste overfor sine medlemmer. Når en person er død, sørger de som sto vedkommende nær, vanligvis familien, for at den dødes legeme behandles på verdig vis og får en verdig gravferd.» (Gravferd, 2014, 5).

Dette større fellesskapet inkludere store delar av lokalsamfunnet. Tilhøringa til kyrkja er således ikkje eksklusivt knytt til gudstenestefeiring – og heller ikkje kyrklelege handlingar. I den forbinding vil eg sjå nærare på korleis kyrkjebygget og materielle gjenstandar fortsatt skapar tilknyting hos den enkelte utover gudstenestefeiringa. Staurheim peikar på at menneske oppsøker ulike stadar og materialitet med ei klar hensikt eller eit behov ein må tilfredsstille. Vi tillegger meinings til det materielle. Samstundes legg ho til at vi kan oppleve meir spontane reaksjonar i møte med materialitet, som igjen skapar tilhøyring til den aktuelle staden eller gjenstanden: «Et kirkebygg kan forstås som materialitet som kommuniserer mening ut over den praktiske mening som er tillagt kirkebygget som nyttebygg.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 62).

Eg vil derfor argumentere for at «fleirbruken» av eit kyrkjebygg bidrar til at fleire kjenne på auka tilhøyring til det aktuelle bygget, samstundes som den religiøse tilnærminga vert mindre gjeldande i menneske si oppsøking av kyrkjebygget. Dette viser tilbake til sekularisering av samfunnet, og Stålsett sitt andre og tredje punkt for å forstå sekularisering, som eg nemner i kapittel 2.1, får i denne samanhengen mest relevans. Desse punkta peikar på at religion, blir mindre viktig for samfunnet og den enkelte. (Sturla Stålsett, 2021, 26). Eit viktig poeng meiner eg handlar om at kyrkja, for mange, i stor grad er assosiert med gudstenestefeiring, trusliv og livssyn. Dersom ein tar høgde for dette, vil ein kunne forklare at kyrkjebygget mister relevans for eit stadig aukande del av befolkninga som ikkje identifiserer seg med dette konkrete truslivet og praksis. Samstundes har eg i dette delkapittelet peika på at kyrkjefellesskapet får større verdi, og at fleire søker det materielle kyrkjebygget ut over sin eigen truspraksis. Dette tyder på at sjølv om religiøse institusjonar mister innflytelse, og religion er mindre relevant i samfunnet, står kyrkjebygget fortsatt igjen som ein viktig samlingsstad i by og bygd.

Ein av Staurheim sine intervjuobjekt trekk fram den materielle kyrkja som ein sentral samlingsstad i både glede og sorg. (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 129). Kyrkja rommar heile livet. Ikkje berre livets inngang og utgang, vist gjennom dåp og gravferd, men kyrkja er òg ein samlingsstad for menneske i alle livets faser. Når det er sagt, viser Stålsett til statsvitarane Pippa Norris og Ronald Inglehart, som hevdar

at religiøsitet og truspraksis er viktigare og mindre framand når menneske er i utfordrande livssituasjoner. (Sturla Stålsett, 2021, 27). Vidare vil eg sjå nærmere på korleis ulike livssituasjoner kan endre vårt forhold til tru, og tilknyting til kyrkjebygget.

### 3.3 Kyrkja som krisesenter

Vi menneske står ovanfor ei rekke utfordringar i løpet av livet. Det vonde er også ein del av livet. Ein kan oppleve både samlivsbrot, sjukdom hos deg sjølv eller andre nærståande, tap av nærståande, eller at ein står i økonomiske vanskar. Andre kriser som råkar på lokalt, nasjonalt eller globalt nivå som til dømes ulykker, brann, naturkatastrofar, krig og terror. Norris og Inglehart peikar på at religiøse rom og ritar får økt oppslutning og relevans når krisa råkar enkeltpersonar, grupper eller land. Dette tatt i betraktnsing er det vankelig å slå fast kvifor menneske i krisesituasjoner søker seg til kyrkja, og kva ved dei ulike religiøse praksisar som gir den enkelte meining i møte med vanskelege livssituasjoner. (Sturla Stålsett, 2021, 27).

Staurheim er òg opptatt av det religiøst materielle si oppslutting knyt til menneske i krise. I avhandlinga si trekkjer ho fram kyrkjebrannar som konkret eksempel, og peikar på ein føreliggande tilknyting til fellesskapet i lokalsamfunnet som utgangspunkt for menneskets søken til kyrkjebygget. Staurheim skriv at branntomtene etter kyrkjebrannane i Porsgrunn og Våler var eit viktig møtepunkt for lokalbefolkninga etter brannane. Hennar intervjuobjekt beskriv dei store folkemengdene som samla seg og sørgra over tapet av kyrkjebygget, og møtet mellom medborgarar sine førelsar og reaksjonar. På bakgrunn av dette vil eg hevde at kyrkja og kyrkjestedane vert omdanna til eit krisesenter. Ein kosekvens av dette er som Stålsett òg påpeikar, nemleg at religiøsiten vert redusert til eit behov for trøyst. (Sturla Stålsett, 2021, 27.) Vi søker kyrkjebygget som arena for livstolking i lengt etter ei større vikeleghetsforståing for livets opp- og nedturar. På den måten skapast ei tilknyting til kyrkjebygget på tvers av ulik tru og livssyn. Denne tilknytinga vil eg drøfte vidare med mål om å løfte fram korleis kyrkja som materiell påverkar vår identitet og legg til rette for ein relasjon med Gud uavhengig av truspraksis.

### 3.4 Identitet og lokal tilknyting

Kva det vil seie å vere kyrkje, er eit stort ekklesiologisk spørsmål som blant anna vert diskutert i Den norske kyrkje sin delrapport frå 2000, som eg viser til tidlegare i kapittel 3, men utover eiga drøfting, ikkje på nokon måte skal forsøke å gi eit eintydig svar på. Teologen Werner G. Jeanrond trekker fram kyrkja sin identitet på ein måte eg vil argumentere for atterspeglar den enkelte si tilknyting til kyrkja. I likskap med delrapporten, utelet Jeanrond aspektet knyt til det materielle kyrkjebygg, Når det er sagt vil eg argumentere for at han løftar fram nokon viktige poeng eg ser på som relevante for materialiteten si rolle i vår søken etter fellesskap både på lokalt og teologisk grunnlag. I boka Guds nærvaro, 2006 peikar Jeanrond på det nye testamentet si rolle i definisjonen av kyrkja sitt kall. Til dømes misjonsbefalinga frå Matteusevangeliet, der oppdraget er å forene menneske i eit fellesskap med kvarandre og den treeinige Gud.

Medan dette dømet trekker oss i ei retning av kyrkjefellesskapet si betyding, til fordel for det materielle bygget, ynskjer eg å trekke fram eit anna synspunkt, nemleg at: Det nye testamentet er ein del av ein rikare tradisjon som viser til vår eiga sjølvforståing av vår eksistens, samt ein relasjon mellom Gud og menneske. (Werner G. Jeanrond, 2006, 138). I forlenging av dette vil eg trekke fram kyrkjebygget som heilt sentralt. Ikkje i form av at bevisstgjering og utvikling av relasjon til blant anna Gud utelukkande er mulig å få til i eit kyrkjebygg, og ingen andre stadar, men at kyrkjebygget og dei materielle gjenstandar og artefakter i kyrkja legg til rette for nettopp denne utviklinga av relasjonar. (Sevat Lappeard, 2003). Dette kjem òg til uttrykk i Den norske kyrkja sin delrapport frå 2000 der det fokuserast på kyrkja også utover å vere rom for gudstenester. Skrivet drøftar ulike aspekt rundt kva kyrkja er og skal vere. Delrapporten peiker blant anna på at kyrkja legg til rette for identitetsbygging hos den enkelte kyrkjegjenger.

«Kirken er stedet hvor Den hellige ånd gjennom evangeliet og sakramentene helliger mennesker og gjør dem til forsamlingen av dem som har del i det hellige.» (Den norske kirke, 2000, 7).

I dette kapittelet har eg drøfta korleis kyrkja sine ulike roller og funksjonar skapar tilknyting, og legg til rette for relasjonsbygging, livsforståing og identitetsskaping hos

den enkelte. Dei ulike aspekta eg har lagt fram legg grunnlaget for ein tankegang som løftar fram relasjonsskaping som likestilt faktor ved sida av trusutøving, i spørsmålet rundt menneske si tilknyting til kyrkja. Denne påstanden er eit viktig poeng hos Jeanrond. Han skriv at Jesu oppdrag i verden kan forståast som ein invitasjon til å la seg fylle av Guds nåde, og forholde seg til Gud, andre, og vår eksistes, på nye måtar.

Samstundes hevder Staurheim at utøving av tru, søker etter Guds nærvær, og den enkelte si tilknyting til kyrkjebygget heng saman. (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 254). Vidare peiker Staurheim på at kyrkjebygget spelar ei aktiv rolle, ikkje berre i ulike former for trusliv, men òg i vår kontaktsøken med seg sjølv, andre og Gud.

«Noen vektlegger at kommunikasjon med kirkebygget gir dem kontakt med sin tro som del av en kollektiv historie, mens andre forteller at den tradisjonelle og gjenkjennende formen og utsmykkingen ga dem en trygghet og tilhørighet til både Gud og lokalsamfunnet.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 254).

Eit problem som eg har belyst i kapittel to i denne avhandlinga er sekularisering og individuell tru. Teorien peikar på eit motsettande tilfelle av nettopp det Staurheim legg til grunn for her, nemlig at kyrkjebygget mister sin relevans for fleire og fleire i vår søker etter Gud, og vår eigen identitet. Moderniseringa av samfunnet i samspel med ein rikare forståing og toleranse for kva det vil seie å vere religiøs, bidrar til at religiøse tradisjonar og institusjonar mistar innflytelse. Eg vel å bygge vidare på teorien om sekularisering og individuell tru, med det formål å ytligare løfte fram kyrkjebygget si sentrale betydning i eit lokalsamfunn.

Eg vil argumentere for at økt medieoppslutting knytt til religion fører med seg ei salig blanding av nye praksisar. Jeanrond peikar på vår søker etter svar på ekstensielle spørsmål og eigen identitet som ein utslagsgivande faktor. Medan fleire og fleire ønsker å oppnå ein relasjon med det guddommelege, oppstår det ofte full forvirring knytt til religion og tru. «New Age-representanter förklarar att varje människa kan söka och finna sin egen Gud, en Gud som passar hennes längtan best.» (Werner G. Jeanrond, 2006, 130). Medan ulike praksisar skapar store utfordringar for Den

norske kyrkja sine tradisjonar og truspraksis, kan det samstundes argumenterast for at praktisering av tru skapar identitet.

Sentralt for denne påstanden er bruken av materielle gjenstandar i vår praktisering av tru. Staurheim trekker fram Gumbrecht som hevder at: «mennesker har et sterkt behov for å være synkronisert med tingene i sin omverden, fordi det gir en ro og et glimt av den utilslørte væren.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 230 og Hans Ulrich Gumbrecht, 2004, 99 og 116-118). På bakgrunn av dette kan ein slå fast at det materielle vert eit uttrykk for vår tru. Samstundes peikar denne tankegangen tilbake på relasjonsønsket til Gud og til andre medmenneske, og søken etter ein arena for livstolking. I boka *Gudstjeneste* på ny av Geir Hellemo vert det peikt på gudstenesta som religiøs praksis, og at den enkelte si forventning til innhald og kva kvar enkelt skal få ut av å vere tilstade, atterspeglar vår truspraksis som identitetsbyggande. (Geir Hellemo, 2014, 14).

I forlenging av dette vil eg òg peike på samanhengen mellom praktisering av tru og lokal tilhøyring. Dette er ikkje nødvendigvis avgrensande tilknyting mellom menneske og kyrkjebygg, men det kan òg vere den enkelte si tilknyting til andre stadar. Når det er sagt er det den enkelte si tilknyting til kyrkjebygget eg fokuserer på i denne avhandlinga, og derfor vert det naturleg å sjå nærmare på korleis kristen truspraksis heng saman med lokal tilhøyring.

Ulike faktorar kan spele inn i vår tilknyting til vårt eige lokalsamfunn. Olaf Aagedal skriv eit kapittel i boka *Religion i dagens Norge. Mellom sekularisering og sakralisering* (2010), og trekk fram to konkrete faktorar som døme når ein målar lokal tilknyting, nemleg: « [...] butid i kommunen og opplevd tilknyting til bustadskommunen.» (Olaf Aagedal, 2010, 168). Dess lenger ein har budd på ein stad, dess større sannsyn er det for at du har familie, vener og andre sosiale nettverk som knyt deg til den aktuelle staden. Samstundes er tilknyting til staden ein faktor om ein har tradisjonar ein er vand med. Aagedal brukar tenning av lys på kyrkjegardar som eksempel, og hevder at dersom ein vel å tenne lys, har tilknyting til kyrkjegarden noko å seie for deltakinga. Eit anna eksempel er dugnad. Du får valet mellom å male kyrkja eller å plukke søppel på parkeringsplassen. Ein som går i gudsteneste kvar søndag, vil i følge Aagedal si hypotese, velje å male kyrkja, fordi han har ei tilknyting

til bygget. I forlenging av dette er det også eit poeng at kyrkjene i Noreg deler mykje av si historie med resten av lokalsamfunnet. (Den norske kirke, 2021, 5 og 9; Sevat Lappegård (2003).

På bakgrunn av dette vil eg argumentere for at lokal tilhøring fører til mindre framandfrykt for kyrkjebyggets historie og tradisjonar. Den immaterielle kulturarva vert sentral i vår tilknyting til lokalsamfunnet. Dei immaterielle kulturminna omfattar rike tradisjonar av teologi, liturgi, trusliv og så vidare, som er utslagsgivande for korleis det materielle framstår. På same måte som det materielle ikkje har eigenverdi utan historia bak, vil kjennskap til historia, for vår eigen del gi verdi og tilknyting til det materielle. Dess meir ein veit, dess meir opplever ein. Slik vert det naturleg å slå fast at kyrkjegard og bygget i seg sjølv, samt inventar og utsmykking er kjernen for tru og livstolking. Som eg har peika på tidlegare i dette kapittelet atterspeglar kyrkjas materialitet fleire aspekt ved vår kulturhistorie på både nasjonalt og lokalt nivå frå middelalderen heilt fram til vår eiga tid. I forlenging av dette vert det òg tydeleg kvifor forvalting av kyrkjebygget er viktig, nemleg fordi dei heilt konkret viser til at vi er ein del av eit større fellesskap. Vi er kyrkja, og for å forstå oss sjølve, vårt kristne kall og kyrkja sitt oppdrag er ein nøydt til å anerkjenne det materielle som manifestasjon av vår historie og tradisjon. I det neste kapittelet vil eg ta for meg omfanget av kyrkjeleg kulturarv med hensikt å tydeleggjere samanhengen mellom vår tilknyting til kyrkjebygget og vår utøving av tru.

## Kap 4 Kyrkjeleg kulturarv under lupa

Fleire forskrarar peikar på at kyrkja som rein materialitet i samspel med menneskelig resonans er underkommunisert. Staurheim uttrykkjer at kyrkjebygget si betydning for menneske er eit tema det finnes lite litteratur på innanfor religionssosiologisk kyrkjeforskning. «[Kirkebyggets betydning for mennesker] er fortsatt et nokså uutforsket tema i norsk religionssosiologisk kirkeforskning.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 8). Religionssosiologi som fagfelt fokuserer på korleis utøving av tru og religion kjem til utrykk i samfunnet. (Inger Furseth og Pål Repstad, 2003). Det er nærliggjande å sjå kyrkjebygget og materiell kultur som essensielt i denne samanhengen. Eg har i kapittel tre i denne avhandlinga drøfta kyrkjebygget som identitetsmarkør i lokalsamfunnet. På bakgrunn av dette vil eg i dette kapittelet løfte fram kulturminna si rolle i kyrkjas breie verksemd.

Mitt primære fokus i dette kapittelet vil vere på den ”kyrkjelege kulturarven.” Vesentlig i denne diskusjonen er Den norske kyrkje sin rapport med same namn frå 2021, og eg vil eksplisitt analysere rapporten i eit reint dokumentstudium. I kapittel 3 har eg peikt på ein ekklesiologi-bassert delrapport frå 2000 som ikkje reflekterer rundt materialitet i det heile, og dette tyder på at den materielle kulturen dei siste åra har fått ein langt større aktualitet. Det er nærliggjande å sjå denne endringa i samanheng med at kyrkja no er skilt frå staten og dermed får eit meir sjølvstendig ansvar for å ta vare på den kyrkjelege kulturarven. Det er sokna i Den norske kyrkje som eie og forvaltar nokre av dei viktigaste nasjonale kulturminna vi har i Noreg. (KA, 2020).

Den norske kyrkja verdset kyrkjebygg og kyrkjested i si sjølvforståing og formidling av kulturarven vert sett på som viktig i forståelsen av kyrkja sitt oppdrag. Kyrkjemøtet i 2021 vedtok ein strategi i håp om å løfte fram kyrkjebygget som ein del av den kollektive kulturarven. «For kirken er arven en kilde til innsikt i egen troshistorie og for alle en inngang til forståelse for lokal og nasjonal historie.» (KM 21/21, 1). Ein del av denne strategien er rapporten *Kirkelig kulturarv*. Ei rimeleg tolking av dette engasjementet er at denne rapporten ikkje berre opnar for at kyrkja blir viktig for fleire, men at den også løftar fram spørsmålet om vår tilknyting til kyrkjebygget gjennom, og utover vår truspraksis. Som eg har diskutert i kapittel tre i denne avhandlinga, har mange eit forhold til si eiga lokalkyrkje. Dette løftast også fram som

eit viktig grunnlag i rapporten frå 2021. Medan eg i kapittel tre drøfter denne hypotesen i lys av folkekirkje-omgrepet med fokus på kyrkjefellesskapet, vil eg i dette kapittelet drøfte utsegna med fokus på kyrkja som materiell.

«De aller fleste nordmenn har et forhold til kirken i nærmiljøet sitt. De er opptatt av at den skal se ordentlig ut, og at kirkegården rundt skal være velstelt. Dette gjelder også de som sjeldan besøker kirken.» (Den norske kirke, 2021, 5).

Ut i frå denne utsegna frå rapporten vil eg argumentere for at kyrkja si materielle side er blitt meir og meir aktuell, og kyrkja sin kulturarvstrategi løftar fram kyrkjebygget si betyding for den enkelte i eit samfunn. I forlenging av dette, er rapporten i seg sjølv kyrkja si eiga anerkjenning av at kyrkjeleg kulturarv er viktig.

I gjennomgangen nedanfor vil eg ta for meg bakgrunnen for rapporten, struktur og innhald, samt den sentrale bodskapen teksten formidlar om kyrkjebygget sin materialitet og betyding for truspraksis

#### 4.1 Bakgrunn

Rapporten Kirkelig kulturarv er resultatet av en lengre prosess. Allereie i 2018 ytra kyrkjerådet i sak KR 64/18 eit ønske om at det skulle utformast ein kyrkjeleg kulturarvstrategi på nasjonalt nivå for behandling i Kirkemøtet i 2021. (KM 21/21, 1). Tradisjonelt har kyrkjebygget fungert som ein utøvingsarena for kristen tru, og atterspeglar denne tradisjonen gjennom tida. Heilt frå tidleg på 1800-talet og fram til 2021 har kulturminnevernet og arbeidet med å ivareta trus-tradisjonen i den norske kyrkja vore lovfesta.

«Den nye trossamfunnsloven regulerer ikke kirkebyggene slik kirkeloven og til dels kirkerundskrivet gjorde, men har mer rammepreg der Kirkemøtet gis regelmyndighet på de samme områdene som kirkeloven selv regulerte.» (KM 21/21, 3).

Eit viktig formål ved prosjektet var derfor å definere korleis dei kyrkjelege kulturminna skulle omfattast av nye lover og korleis Den norske kyrkja strategisk vil ivareta eigne kulturminner. I 2019 vart det ved autorisasjon frå Kyrkjerådet etablert ei tverfagleg arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utarbeide innhaldet i denne kyrkjelege

kulturarvstrategien som vart lagt fram i kyrkjemøtet i 2021, medan kyrkjerådets sekretariat stod i spissen for det redaksjonelle ansvaret.

I oktober 2020 vart saka sendt ut på avgrensa høyring, og kyrkjerådet fekk inn tjueseks svar som vart inkludert i dokumentet. Det kjem fram i referatet frå Kyrkjemøtet 11.-16. november 2021 at dokumentet har som hensikt å løfte fram den materielle kyrkjelege kulturarven med mål om å auke vår kunnskap om kristne tradisjonar, kyrkjeleg materialitet, og vår eigen historiske kontekst. Strategien som vart lagt fram og vedtatt av kyrkjemøtet i 2021 på bakgrunn av rapporten, viser korleis «[...] Den norske kirke kan definere og ta et helhetlig og aktivt ansvar for den kirkelige kulturarven, som den forvalter på vegne av hele fellesskapet.» (KM 21.0/21, 1).

#### 4.2 Struktur, oppbygging og innhold.

Dokumentet omfattar sju kapittel. Kvart kapittel har eit sitat henta frå kapittelet som overskrift, og atterspeglar tematikken i det gitte kapittelet. Kapittel 1 inneheld ei kort innleiing der bakrunnen for prosjektet vert presentert i grove trekk. I innleiinga kjem det fram at: «[Rapportens første del] forsøker å definere og beskrive kulturarven og ser på dens betydning for kirkens eget liv og virksomhet.» (Den norske kirke, 2021, 5). Dette er hovudinnhaldet i kapittel 2. Her vert omfanget av den kyrkjelege kulturarven presentert meir i detalj, både det materielle (underforstått konkrete gjenstandar, arkitektur, kunst, osv.) og det immaterielle (definerer det ikkje materielle som til dømes: tradisjonar, historie, liturgi, musikk, osv.) Sjølv om kyrkjerådet legg vekt på at dette dokumentet omhandlar den materielle kulturarven, vert det òg understreka mange gongar at den materielle og immaterielle kulturarven eksisterer i ein korrelasjon og får betydning og relevans for kvarandre. Eit særleg poeng i denne rapporten er understrekkinga av at det er historia bak det materielle som gir den konkrete gjenstand verdi og grunnlag for å bli ivaretatt. I kapittel 2 vert vi òg presentert for ei oversikt over antal kyrkjer i Noreg frå ulike tidsepokar, med forskjellige bygningsmaterial, utsmykkingar og utformingar av sjølve arkitekturen og planløysinga. Arbeidet med rapporten avgrensast til kyrkjebygg og andre gjenstandar som atterspeglar den kristne tru og praksis. Kvart kapittel er rikt utsmykka med bilerter og eksempel på arkitektur og utsmykking i ulike tradisjonar og epokar. I kapittel 3 får

ein ei like detaljert oversikt over delar av den samiske kulturarva. «Formålet med dette kapittelet er å gi en grunnleggende innføring for å kunne drøfte kirkens forvaltning av samisk kirkelig kulturarv.» (Den norske kirke, 2021, 73).

Kapittel 4, 5 og 6 fokuserer i større grad på menneskeleg tilknyting til det materielle. Vi vert presentert for fleire tankar rundt korleis vi opplever, sansar og eksisterer i relasjon med dei ulike materielle gjenstandane i eit kyrkjebygg, samt med bygget i seg sjølv. Det vil vere naturleg i analysen nedanfor å legge hovudvekta på denne delen av dokumentet. Dei ulike tankesetta som vert presentert i kapittel 4, 5 og 6, atterspeglar også argumentasjonen for kvifor det er viktig å ivareta den kristne kulturarven. Kapittel fem og seks vektlegg i større grad ulike strategiar for korleis Den norske kyrkja, og alle som omfattast av den kristne kulturarven, kan forvalte og samtidig vidareutvikle den. Dette poenget vert utdjupa vidare i det sjuande kapittelet. Dette kapittelet er strukturert som ei punktliste med mål og strategiar for vern og utvikling av kyrkjeleg kulturarv.

«Den norske kirke oppfatter kirkebygg og kirkested som sentrale i sitt oppdrag og sin selvforsysselser. Kirken vil at den kirkelige kulturarven skal bli bevart, være i aktiv bruk og bli videreutviklet fordi den oppleves viktig for Den norske kirkes menigheter og storsamfunn.» (Den norske kirke, 2021, 143).

#### 4.3 Formål/vedtak

Rapporten munnar ut i ei rekke vedtak med tanke på satsingsområde og strategiar for ivaretaking av den kyrkjelege kulturarven. I den endelege innstillinga frå komité A i kyrkjemøtet 2021, vart det vedtatt, at den materielle kyrkjelege kulturarven er viktig for kyrkjelydar og resten av samfunnet, og difor er viktig å ivareta og utvikle vidare for eit rikare kyrkjeliv. Vidare er vedtaka lista opp i ni punkt, i tillegg til to setningar om kyrkjerådet si oppfølging og utarbeidning av ein handlingsplan, samt ynskje om ein ekstern sak om den immaterielle kulturarven. I denne avhandlinga vil eg primært fokusere på det materielle. Derfor vel eg å gå nærmare inn i formuleringane av vedtakslista på ni punkt, med den intensjon å peike på kva rolle kulturarven har i vår praktisering av tru.

Om ein tek utgangspunkt i vedtaka frå sak KM 21.1/21 i kyrkjemøtet, ser ein at mange av dei spelar på kvarandre og løftar fram dei primære og grunnleggande fokusområda i dokumentet. Bassert på vedtaka og innhaldet i sjølve rapporten, vil eg argumentere for at rapporten frontar fem overordna formål. Dette inkluderer: strategi for ivaretaking av kyrkjeleg kulturarv, trusformidling i det materielle, samanhengen mellom det materielle og immaterielle, kulturarven sin relevans, og bruken av kyrkjebygget. Medan strategiar for ivaretaking av kulturarv har eit sterkt fokus i rapporten frå Den norske kyrkje, vil eg i denne avhandlinga ikkje å gå nærare inn på konkrete strategiar. Primært vil eg løfte fram relasjonen mellom kyrkjebygg og trusliv. Vidare i kapittelet vil eg gå nærare inn på relevante fokusområder frå rapporten for å seinare drøfte dei aktuelle aspekta i dialog med annan relevant litteratur. Hensikta er å kaste lys over korleis det materielle i eit kyrkjebygg, og bygget i seg sjølv kommuniserer med den enkelte si praktisering av tru.

Dokumentet kirkelig kulturarv som er utarbeida av Den norske kyrkja er konsentrert rundt den kristne tru og praksis som er materialisert i kyrkjested, bygg og inventar, (Den norske kirke, 2021, 9) noko som og vert tydeleggjort i kyrkjemøtet sitt saksvedtak punkt 8: «Formidlingen av kulturarven skal være en integrert del av gudstjenesteliv og kirkelige handlinger, undervisning og trosopplæring, kirkemusikk og diakoni». (KM 21.1/21, 3). Dette punktet står òg i ei direkte lenke til kyrkjebygget som bruksrom.

Heilt sentralt er at det materielle har ei aktiv rolle i trus-formidling. Til dømes vil dei mange døypefontane i kyrkjer i heile verda fortelle oss at dåpen er ein heilt sentral del av den kristne trus praksis. Medan fonten i seg sjølv ikkje vil bety noko for ein som ikkje kjenner til historia, tradisjonen og riten som ligg bak den materielle døypefonten, kan det faktum at den står i kyrkja, fortelle oss at den har ein eller anna funksjon i den kristne truspraksis.

«Forvaltningen av den kirkelige kulturarven må bygge på helhetlig tenkning som tar utgangspunkt i en forståelse for det materielle kulturminnet og hva det representerer.» (KM 21.0/21, 8).

Rapporten sitt andre fokusområde vektlegg samanhengen mellom det materielle og det immaterielle, underforstått historie, tradisjon osv. Eg opplever dette vert tydeleg i vedtakspunkt nummer 5: «Den norske kirke skal ha et aktivt eierskap til sin historie og materielle kulturarv og bygge opp og formidle kunnskap om denne arven.» (KM 21.1/21,3). Vidare kjem det fram i vedtakspunkt nummer 9, at den kyrkjelege kulturarven hos andre minoritetar og urfolk nasjonalt, også må anerkjennast av den norske kyrkje. Eg vil hevde at dette ikkje berre viser til historia bak det materielle frå ulike kulturar, men at denne historia også atterspeglar eit anna viktig punkt i dokumentet, nemleg at kulturarven er noko som angår alle.

Som eg allereie har slått fast i tidlegare kapittel har kulturarven ein vid relevans, og eit breitt publikum.

«Medlemmer av Den norske kirke opplever en større tilknytning til den kirkelige kulturarven, og spesielt kirkebyggene, enn de som ikke er medlemmer. Men også medlemmer som sjeldan er inne i kirkebygget, har en sterk opplevelse av bygget som sitt.» (KM 21.0/21, 5).

Dette vert løfta fram fleire gonger i rapporten, og formidlar bodskapen om kvifor kulturarv er viktig, nemlig både fordi vi den angår alle, og formidlar eigarskap. Kyrkjemøtet sitt vedtak punkt 1 understrekar dette ved å bruke ord som fellesskap og lokalsamfunn. «Kirkemøtet vil at: [...] Den kirkelige kulturarven fortsatt skal tilhøre fellesskapet og lokalsamfunnene og verdsettes som sentrale kilder til glede, innsikt i og forståelse av Norges ide- og samfunnshistorie.» (KM 21.1/21, 3). Ein kan også argumentere for at dette punktet viser tilbake til samanhengen mellom det materielle og immaterielle. Samtidig vert det tydelegare at formuleringane i vedtaka frå kyrkjemøtet i 2021 bygg opp under og framhevar dokumentet sine primære fokusområder.

På bakgrunn av rapporten Kirkelig kulturarv sine fokusområder, med særleg vekt på kyrka som viktig bygg for mange i eit lokalsamfunn, vil eg argumentere for at kyrkjebygget må forståast som meir enn berre eit gudstenesterom. I tidlegare kapittel har eg løfta fram fleirbruken av kyrkjerommet, og eg oppfattar det slik at nettopp denne fleirbruken bidrar til at kyrkja har djupare meiningsfor fleire. I vedtak nummer to

frå endeleg innstilling frå komité A, kjem det fram at kyrkjebygg og kyrkjegard skal vere aktiv i bruk. (KM 21.1/21, 3).

«At kirken skal være i aktiv bruk, betyr at det skal være rom for gudstjenester og kirkelige handlinger. Aktiv bruk handler også om utvidet bruk. Kirkene har tradisjon for bruk utover de kirkelige handlingene.» (KM 21.0/21, 6).

Den utvida bruken av kyrkjebygget er eit aspekt eg ynskjer å ta med meg i vidare drøfting med mål om å belyse den enkelte sine tilknytingar til kyrkjebygget. Dersom vår tilknyting til eit kyrkjebygg er styrt av det som går føre seg i det aktuelle bygget, vil auka mangfald av aktivitetar bidra til sterkare tilknyting hos fleire menneske. Vidare i avhandlinga vil eg drøfte både dette aspektet, og andre sentrale poeng frå rapporten, djupare i dialog med annan relevant litteratur.

## Kap 5 Det menneskelige, tru og materialitet

I dette kapittelet vil eg sjå nærmere på kva måtar det materielle samspelar med menneske si oppsøking av kyrkjebygget, for lettare å kunne seie noko om kvifor kyrkjebygget er viktig for den enkelte.

### 5.1 Det materielle i kommunikasjon med den enkelte

Fleirbruken av kyrkjebygget er naturlegvis eit viktig argument for kvifor kyrkja har større betydning for fleire, men ut over dette svarer det ikkje på kvifor kyrkja er eit viktig bygg for lokalsamfunnet. Eg har tatt for meg kyrkja som rom og som ein samlingsstad, men vidare vil eg undersøke kvifor forsamlings trekker til kyrkja til fordel for andre stadar. Med utgangspunkt i rapporten om kyrkjeleg kulturarv, kan ein stille seg desse spørsmåla: Kva er det med kyrkjebygget som appellerer til den enkelte? Er det tilstrekkeleg å anslå at kyrkja sin lokalitet og plassering i ein by eller bygd skapar tilhøyring fordi vi elles er ein del av samfunnet?

«Kirkens kulturarv er tett sammenvevd med hele nasjonenes historie – og alle norske steders historier. Denne kulturarven spenner fra kirkebyggene og deres mangfoldige interiører, over kirkegården, kirkebakken og prestegården, og videre ut i bygda og byen, og beriker våre historier og tradisjoner. Den kirkelige kulturarven angår og tilhører alle.» (Den norske kirke, 2021, 5).

Her legg rapporten vekt på at den kyrkjelege kulturarven er så omfattande, at det nærest er umogleg å ikkje omfattast av den. Ein får ikkje medhald dersom ein seier at dette ikkje angår meg. Kyrkjas kulturarv inkluderer både den nasjonale og den lokale historia. Nordmenn flest har eit forhold til kyrkja i sitt nærmiljø. Som eg har gått nærmare inn på i kapittel 3, har kyrkja ein plass i lokalsamfunnet, også for dei som sjeldan vel å ta kyrkja i bruk. Den kyrkjelege kulturarven er etter mi oppfatning, i stor grad relevant for oss alle. Eg oppfattar det slik at kyrkja som institusjon likevel har ein jobb å gjere i forhold til både forvaltning av kulturarven og til formidlinga av den.

I omgrepet «kyrkjeleg kulturarv» inngår alt som på ein eller annan måte er knytt til den kristne tru og praksis. Det er med andre ord ikkje reint lite som omfattast av kulturarven, og dermed kategoriserast som kulturminner. For å konkretisere og

lettare kunne navigere rundt ulike kulturminner, vel eg å anvende eit mykje brukt skilje og kategorisering.

«Begrepet kulturarv oppfattes forskjellig avhengig av faglig bakgrunn og den sammenheng man står i. Innen kulturminneforvaltningen defineres det som en «samlebetegnelse for materielle og immaterielle kulturminner»». (Den norske kirke, 2021, 7) (Riksantikvarens ordnøkkelen: <http://ordnokkelen.ra.no/multites/>).

Det immaterielle og materielle heng saman på eit vis, og sjølv om eg i denne avhandlinga i størst grad vektlegg det materielle, er samspelet mellom desse to nemningane viktig å vere klar over. Eit sentralt poeng i rapporten *Kirkelig kulturarv* er at den kristne tru og praksis atterspeglast i det materielle. På den måten kan det materielle i eit kyrkjebygg, og kyrkjebygget i seg sjølv, i kraft av å vere materielt, fortelje oss om vår truspraksis. Slik gir det også ei forklaring på kvifor vi kan kjenne ei tilknyting til det materielle, nemlig fordi det nyttast i vår utøving av tru. I forlenging av dette vert det tydeleg at vår trus praksis også er med på å forme vår identitet. Det er nærliggande å tenke at vår lengt etter det materielle, eigentleg er ein søken etter svar på kven vi er.

Staurheim peikar på at kyrkjebygget ikkje berre gir uttrykk for religiøse meiningar, men òg er ein skapande arena for fellesskap. Kyrkja er ein arena for gudstenester, der ein i fellesskap praktiserer tru. Bassert på eit intervju med eit utval informantar argumenterer Staurheim for at:

«[Kirkebygget framstår] som et kontaktpunkt hvor tilhørighet til slekt, nabøer, venner, lokalmiljø, stedet og historie holdes levende. Kirkebygget blir et synlig symbol på at den enkeltes liv står i en større sammenheng.» (Ingerid Grindem Staurheim, 2020, 226).

På bakgrunn av dette kan kyrkjebygget utover religiøs tilknyting også vere ein relevant stad for livstolking. Staurheim undersøker blant anna menneske si meir personlige tilknyting til eit kyrkjebygg, og drøfter ueinigkeitene som oppstår i diskusjonen om gjenreising av ei kyrkje etter ein brann. Eg skal ikkje gå inn i denne diskusjonen, men eg vil hevde at eit av Staurheim sine poeng er relevant også i

drøftinga av kyrkjebygget sin funksjon i vår truspraksis. «Det å være uenig i form og funksjon av de nye kirkebyggene som skal reises, gir en indikasjon på at informantene har ulik oppfattelse av hva et kirkebygg er og bør være.» (Ingrid Grindem Staurheim, 2020, 245). Vi menneske tillegg bygget ei rolle. Det er vi som i stor grad bestemmer kva bygget betyr for oss. Det interessante er korleis vår definisjon av kyrkjebygget si betydning passar inn i vår truspraksis? Og korleis den kyrkjelege kulturarven spelar inn i vår definisjon av kyrkjebygget si betydning?

Rapporten om kyrkjeleg kulturarv viser til kulturminnelova og gjer ei deling mellom «kunnskapsverdiar» og «opplevelsesverdiar». Desse omgrepa vert sett i samanheng med vernet av kulturminner, men dette skiljet er også relevant med tanke på kva verdi vi tillegg kyrkjebygget. «Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser [Kulturminner] som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjons opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet». (Kulturminneloven § 1, 2. ledd). Medan kunnskapsverdiar i stor grad omfattar byggingshistorikk, materialbruk, og andre historiske kjelder som ikkje er nedskrive andre stadar, er opplevingsverdi knytt til opplevelingar av estetikk og tilhøyring. Dette inkluderer blant anna miljøskapande verdi, identitetsskapande verdi og symbolverdi. Det kan vidare vere freistande å samanlikne kunnskapsverdi med immateriell kulturarv, og opplevingsverdi med materiell kulturarv, men det er eit viktig skilje. Vi legg verdiar til ulike kulturminner, men verdiane er ikkje materialistiske i seg sjølv. Når det er sagt er det ikkje alle kulturminner som er materialistiske, men verdiane er faktorar vi vurderer når vi definerer ulike kulturminner si betydning for oss.

«Kunnskap er umiddelbart mer målbart enn opplevelser. Det er likevel en sammenheng mellom disse. Kunnskap vil påvirke opplevelsen. Jo mer man vet, jo mer opplever man gjerne.» (Den norske kirke, 2021, 100).

På same måte som vektlegginga av dei ulike verdiane vil endre seg og styre vår oppfatning av kulturminnet og kvifor ivaretaking av det gitte minnet er viktig, vil det også styre vår tilknyting til kulturminnet. Sjølv om opplevelingar er mindre målbart enn kunnskap, vil eg vidare fokusere på opplevelingane og verdiane knytt til det estetiske. Eg vil slå fast at dette er relevant fordi det materielle er eit uttrykk for tradisjonar og historia bak menneske si utøving av tru. Dersom vi følger nærværs-tankegangen til

den tyske litteraturvitaren Hans Ulrich Gumbrecht er det nemleg gjennom kroppsleg sansing at vi vert knytt til det materielle. (Hans Ulrich Gumbrecht, 2004, 101). Vi kan bli gripne og kjenne fascinasjon av gjenstandar utan heilt å kunne forklare kvifor eller kva vi er fasinert av. Men vi kan også oppleve ei forventa effekt i møte med ein gjenstand. Til dømes at ein begynner å le når ein ser eit alter. Uavhengig av reaksjon hevder Gumbrecht at ein i lengt etter den gitte reaksjonen, vil oppsøke det som utløyser den.

I enkelte tilfelle er ein bygg assosiert med ein eller fleire heilt konkrete funksjonar. (Hans Ulrich Gumbrecht, 2004, 101-104). Til dømes er butikken ein stad ein kan kjøpe gjenstandar eller tenester, og eit offentlege toalett kan nyttast dersom du må på do. Gumbrecht legg vekt på den uforutsette estetiske opplevinga i møte med det materielle, og argumenterer for at kyrkjebygget på den måten kan kommunisere meinig ut over den praktiske meaninga som bygget legg til rette for. Ein vil med andre ord oppleve tilknyting til ei kyrkje uavhengig av om ein er til stades i gudstenester eller andre kyrkjelege handlingar. I forlenging av dette framhevar rapporten om kyrkjeleg kulturarv eit interessant poeng når det gjeld menneske si tilknyting til kyrkjebygget: Det er ikkje kyrkjebygget i seg sjølv vi knyter oss til, men til opplevingane våre der i frå. Staden og bygget får betydning og relevans ut i frå våre minner frå den konkrete kyrkja. Med dette som bakgrunn kan ein argumentere for at den enkelte si tilknyting til minner frå kyrkjebygget atterspeglar Gumbrechts teori om spontane reaksjonar i møte med det materielle. Eit interessant poeng knytt til dette er at spontane reaksjonar og minner ikkje føreset immateriell kunnskap om tradisjonar frå staden. Ein kan til dømes hugse tilbake til då ein som liten gjekk forbi kyrkja. Det var det kvite huset med spiss tak og eg vart skremd, fordi kyrkjeklokken begynte høglydt å ringe utan at eg var førebudd på det. Den tilknytinga ein då eventuelt kan få til kyrkjebygget er bassert på ei tilfeldig hending til fordel for tradisjonane og trus-utøvinga som er assosiert med kyrkjebygget. Når det er sagt kan ein også argumentere for at det materielle vert ein inngangsport til tru fordi våre minner til kyrkjegard og kyrkjebygg, samt gjenstandar, artefaktar og interiør, ofte er knytt til nettopp utøving at tru. Det vert dermed tydeleg at kyrkjebygget kommuniserer med oss menneske gjennom utøving av tru.

## 5.2 Kyrkje utan relevans

Om ein vektlegg utøving av tru som grunnlag for tilknyting til den materielle kulturarven, vil eg hevde at det vert naturlig å drøfte i kor stor grad vår trus praksis er avgrensa til kyrkjebygget. Variasjon i befolkningssamansetting «fører til at Den norske kirke for en voksende andel av befolkningen ikke er det naturlige stedet å uttrykke sin religiøsitet.» (Stålsett, Sturla. 2021. s. 24)

Martin Luther hevda at det einaste grunnlaget for å bygge kyrkjer, er at:

«[...] de kristne skal ha et sted der de kan komme sammen for å be, høre preknen og ta imot sakramentene. Der dette ikke lenger skjer, kan kirkebygget rives, slik man gjør med andre hus som ikke er i bruk.» (Den norske kirke, 2021, 102).

Denne noko kontroversielle utsegna om at kyrkja utelukkande er eit gudstenesterom, står i direkte kontrast til ein tankegang basert på at gudstenesta kan finne stad kvar som helst. I dokumentet Kirkelig kulturarv vert det argumentert for at menneske kan komme i kontakt med Gud, og at denne kontakta ikkje er avgrensa til ein bestemt stad, fordi Gud er overalt. (Den norske kirke 2021, 104). Kvifor er då kyrkjebygget viktig i vår utøving av tru? Eit viktig poeng, som eg tidlegare har vore inne på, er at mennesket sitt minne er knytt til bestemte stadar.

«Vi husker ikke hendelser som er stedløse. Dermed er også minnet om Guds tilstedeværelse i verden stedbundet. Kirkebygget og stedet der det ligger er påminnelser om den gudstroen som har levd «her» i generasjoner. Det varige som denne stedbundne delen av kulturarven representerer, får betydning for menneskers identitet og tilhørighet til kirken.» (Den norske kirke, 2021, 105).

## 5.3 Ivaretaking av kulturarva

I vedtaket frå kyrkjemøtet, 2021 står det: «Den norske kirkes kulturminner skal ha et juridisk vern som reflekterer deres nasjonale verdi. [...] Den norske kirkes kulturminner skal ha en lovbestemt offentlig finansiering som gjør det mulig å forvalte kulturminneverdiene på en langsiktig og god måte.» (KM 21.1/21, 3). Medan fokuset i

denne strategien er på korleis vi skal ivareta den kyrkjelege kulturarva, vil eg argumentere for at eit spørsmål er underkommunisert.

Kvífor er det viktig å ta vare på den kyrkjelege kulturarven? Eit av argumenta i rapporten Kirkelig kulturarv av den norske kyrkje, knytast opp til det historiske, som altså også omfattast av det immaterielle. Det materielle får betydning i kraft av det immaterielle. Til dømes har ikkje ein nøtteknekkar noko betydning før du les brukarrettleiinga. På same måte som ein døypefont ikkje har betydning før ein kjenner historia og tradisjonen bak. På den måten atterspeglast det immaterielle i det materielle. Vi kan få eit bilet av historia og tradisjonar gjennom det som formidlast i det materielle. Samanhengen mellom materialitet og immaterialitet kan skape eit skilje i verdigrunnlag. Sidan det materielle kommuniserer og atterspeglar historie og tradisjonar som vert borte dersom ein ikkje ivaretar det materielle, kan ein argumentere for at det er det immaterielle som har størst betydning i kyrkja.

Konsekvensen av det store fokuset på kyrkja si historie og tradisjon, kan verte at kyrkja framstår meir som eit museum enn ei kyrkje. Gjenstandar og kyrkjebygget i seg sjølv atterspeglar dei ulike historiske kontekstane og periodane i Noreg gjennom fleire hundre år. Som vi har slått fast i tidlegare kapittel, er samfunnet i stadig endring. Gjenstandar som utspelte si rolle med glans for hundre år sidan, er ikkje nødvendigvis lenger relevant eller bruksnyttig for oss i dag. Medan det er eit viktig vitnesbyrd om tradisjonar opp gjennom historia, er det ein fare for at dette gir lite rom for at kyrkjesamfunn kan utvikle seg og vekse.

På den eine sida er det viktig å ivareta kyrkjearkitektur og kunst med meir, som uttrykk for spesifikke periodar. På den andre sida kan det vere eit argument at det er viktig å la kyrkje få vere kyrkje. Ein fellesskapsbyggande arena som atterspeglar tida og tradisjonar vi i dagens samfunn er ein del av. Musikken, liturgien, ulike aspekt ved trua, osv. På den måten vert kyrka til noko meir for fleire, samtidig som kyrkja, i kraft av å vere kulturarena og kulturminne, skapar ein inngang til tru.

«Kulturminneloven § 1, 2. ledd, begrunner vernet til fredning på følgende måte: 'Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforsråelse, trivsel og virksomhet.'» (Den norske kirke, 2021, 100).

Samtidig som eg anerkjenner det historiske aspektet i argumentasjonen for ivaretaking av den kyrkjelege kulturarven, vil eg legge til at den, både i form av det materielle og immaterielle er ein naturleg inngang til tru. Med det meiner eg at trua sin manifestasjon gjennom det materielle atterspeglar tradisjon og skapar tilhørighet til eit rikare fellesskap på tvers av landegrenser og tid. Immateriell kulturarv gir meining til det materielle. Vidare kan ein òg trekke linjer tilbake til at oppleving og kunnskap heng saman. Dess meir av historia ein kjenner til, dess meir opplever ein og anerkjenner det materielle sin verdi i bruk.

## Kap 6 Konklusjon

I denne avhandlinga har eg arbeidt utifrå eit fokus på kyrkja som materiell kristendom. Eg har undersøkt korleis den materielle kyrkja er ein relevant arena for utøving av tru. Eg har tilnærma meg denne problematikken i lys av religionssosiologi med nokon aktuelle aspekt frå både teologi og ekklesiologi. I løpet av avhandlinga har eg stilt følgjande underspørsmål:

Korleis legg kyrkja til rette for ulik praktisering av tru? Korleis vert vår grad av tru påverka av sekularisering av samfunnet? Treng vi kyrkja for å praktisere tru? Korleis heng materialitet og immaterialitet saman? Og korleis har forståinga av kyrkja sit ekklesiologiske synspunkt påverka vår tilknyting til kyrkjebygget?

I kopling til underspørsmåla har eg i denne avhandlinga argumentert for at fleirbruken av eit kyrkjerom bidrar til økt bevisstgjering rundt kyrkja si betydning i lokalsamfunnet. Fleire søker seg til kyrkja som samlingsrom utover gudstenestefeiring og andre kyrkjelege handlingar. Samstundes har eg og løfta fram individualisering og privatisering av tru som ein konsekvens av sekularisering, og teke opp spørsmålet om kyrkja si relevans for den enkelte sin utøving av tru. Treng vi kyrkjebygget som ramme for tru? I drøftinga av dette spørsmålet har eg argumentert for at kyrkjelyden og fellesskapsforståinga av kyrkja, vert meir sentral til fordel for det materielle kyrkjebygget. Vidare har eg i den samanheng peika på ei ekklesiologisk endring i vår eiga forståing av kva kyrkja skal vere. To ulike dokument utarbeida av Den norske kyrkja med 20 års mellomrom peikar på at kyrkjebygget og materielle gjenstandar og artefaktar har vorte mykje meir sentral i vår bevisstgjering rundt kyrkjeleg kulturarv. Eit aspekt ved dette legg oppløysinga av statskyrkja til grunn for det auka fokuset på det materielle. No er det kyrkja sitt eige ansvar å forvalte viktige kulturminner.

Eg har òg argumentert gjennomgåande i heile avhandlinga at dei materielle kulturminnen, er viktige for den enkelte fordi dei heng direkte saman med den immaterielle kulturarva som omfattar tradisjonar og endringar i desse, og på bakgrunn av dette knyt lokalsamfunnet, og den enkelte inn i ein større historisk samanheng og fellesskap. Dess større kjennskap vi har til denne historia, dess større verdi legg vi til det materielle. Både materiell og immateriell kulturarv manifesterer tru, og knyt oss saman til kvarandre og til Gud på tvers av landegrenser.

På bakgrunn av eiga drøfting, vil eg samla sett konkludere med at kyrkjebygg og vår truspraksis heng saman fordi det materielle vert eit konkret uttrykk for vår tru.

Og det immaterielle peikar på historia bak dei kyrkjelege handlingane, og forklarar ikkje berre korleis vi praktiserer trua vår, men òg kvifor.

## Kjeldeliste

- Aagedal, Olaf. 2010. «Lystenning på graver som folkekirkjeleg praksis.» I *Religion i dagens Norge : Mellom sekularisering og sakralisering*, redigert av Pål Ketil Botvar og Ulla Schmidt, 166-180. Oslo: Universitetsforlaget.
- Askvik, Egon. 2015. Kyrkjefolk. Leikanger: Skald.
- Beck, Ulrich og Elisabeth Beck-Gernsheim (red.) 2001 *Individualization: Intitutionalized individualism and its social and political consequence*. London: Sage publications.
- Norsk salmebok 2013. Stavanger: Eide Forlag AS.
- Gravferd. 2014. Oslo: Verbum.
- Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.) 2010. *Religion i dagens Norge : Mellom sekularisering og sakralisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Confessio Augustana. Den Augsburgske Konfesjon.* 1953. Omsett av Einar Molland. Oslo: Cappelen.
- Dalland, Olav. 2012. *Metode Og Oppgaveskriving for Studenter*. 5. Utg. ed. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hva er kirken? En ekklesiologi.* 2000. Den norske kirke, Kirke/stat-utvalget. Oslo: Lobo grafisk. [https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/kulturliv/kulturarv/kirkelig%20kulturarv%20-%20den%20norske%20kirke%20-%202021.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeordningen/2002-2012/kirke_stat_utvalg_98_02_delrapport_ekklesiologi.pdf) (Den norske kirke 2000).
- Kirkelig kulturarv.* 2021. Den norske kirke.  
<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/kulturliv/kulturarv/kirkelig%20kulturarv%20-%20den%20norske%20kirke%20-%202021.pdf> (Den norske kirke 2021).
- Dietrich, Stephanie. cop. 2015. *Folkekirke nå*. Oslo: Verbum akademisk.
- Elstad, Hallgeir. 2020. «Folkekyrje i endring, kyrkjetypoliar og auka gudstenestedeltaking.» *Teologisk tidsskrift* 9 (2): 7-21.  
<https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.1893-0271-2020-02-02>
- Furre, Berge. 2007. «Kyrkjeperspektiv på staten.» *Norsk teologisk tidsskrift* 108 (1): 7-28. <https://www-idunn-no.ezproxy.uio.no/doi/10.18261/ISSN1504-2979-2007-01-02>

- Furseth, Inger og Pål Repstad. 2003. *Innføring i religionssosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Giddens, Anthony. 1991. *Modernity and self-identity : Self and society in the late modern age*. Cambridge: Polity Press.
- Grunnloven. Kongeriket Norges grunnlov av 17. mai 1814.*  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17> (Henta 15.05.2022)
- Gumbrecht, Hans Ulrich. 2003. *Production of Presence: What Meaning Cannot Convey*. Palo Alto: Stanford University Press.
- Heelas, Paul and Linda Woodhead (ed.) 2005. *The spiritual revolution : Why religion is giving way to spirituality*. Malden: Blackwell.
- Hellemo, Geir. 2014. *Gudstjeneste på ny*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hegstad, Harald. 1996. *Folkekirke og Trosfellesskap. Et kirkesosiologisk og ekklesiologisk grunnproblem belyst gjennom en undersøkelse av tre norske menigheter*. Trondheim: Tapir forlag.
- Kirkemøtet 2021(21.0/21)
- Kirkemøtet 2021 (21.1/21)
- Kulturminneloven. *Lov om kulturminner av 9. juni nr.50.*  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50> (Henta 15.05.2022).
- Kirkeordning for Den norske kirke* av 30. mars 2019 nr.2307.  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-03-30-2307> (Henta 15.05.2022).
- Lappegard, Sevat. 1984. «*Folkekirkja i det gamle bondesamfunnet*.» *Kirke og kultur* 89 (utgave): 550-560.
- Lappegard, Sevat. 2003. «*Folkekirkjeteologi*.» *Kirkekunnskap og kirkesyn*. 73-100.
- Lidén, Hans-Emil. 1995. *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Lønning, Per. cop. 1996. *Kristen tro : tradisjon og oppbrudd*. Oslo: Pensumtjeneste.
- Miller, Daniel. 1987. *Material culture mass consumption*. Oxford: Basil Blackwell.
- Repstad, Pål. 1996. *Religiøst liv i det moderne Norge : et sosiologisk kart*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Repstad, Pål. 2000. (2. utg.) *Religiøst liv i det moderne Norge : et sosiologisk kart* : Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Rogan, Bjarne og Saphinaz-Amal Naguib (red.) 2011. *Materiell kultur & kulturens materialitet*. Oslo: Novus Forlag.

- Sandal, Margunn. 2010. «Et sakralt preg – Kyrkjearkitekturen si rolle i den religiøse erfaringa.» *Norsk teologisk tidsskrift* 111 (1): 60-81.
- Sandal, Margunn. 2014. «Rom for gudsteneste». I *Gudstjeneste på ny*, redigert av Geir Hellemo, 105-126. Oslo: Universitetsforlaget.
- Staurheim, Ingrid Grindem. 2020. «Kirkebygg og identitet : En religionssosiologisk undersøkelse av folks forhold til kirkebygget belyst gjennom reaksjoner på (to) kirkebranner.» ph.d. Universitetet i Oslo.
- Stålsett, Sturla J. 2021. *Det livssynsåpne samfunn*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Sæther, Arne. 2001. *Kirken som bygg og bilde : rom og liturgi ved et tusenårsskifte : en bok om kirkebygging før, nå og fremtiden*. Asker: Sæthers forlag.
- Sæther, Arne. 2010. *På vei til det hellige fjell : landskap, rom og liturgi*. Asker: Sæthers forlag.
- Tilley, Christopher, Webb Keane, Susanne Küchler, Mike Rowlands and Patricia Spyer (ed.) 2006. *Handbook of material culture*. Los Angeles, London, New Delhi, Singapore, Washington DC: SAGE.
- Trossamfunnsloven. Lov om tros og livssynssamfunn av 24. april 2020 nr.31.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-04-24-31> (Henta 15.05.2022).
- Wingren, Gustaf. 1964. Folkkykotanken. Stockholm: Diakonistyrelsens bokförlag.

## Mediehenvisningar

- KA Arbeidsgiverorganisasjonen for kirkelige virksomheter. 2020. «Kirkelig kulturarvstrategi for Den norske kirke.» <https://www.ka.no/sak/article/1573527> (Publisert 16.11.2020, Henta 15.05.2022).
- Kirken.no 2022. «Kirkebygget – for vår tro og til Guds ære.» <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/arkitektur/kirkebygningene/> (Henta 15.05.2022).
- Kirken.no. 2022. «Strategi for Den norske kyrkja 2022-2029.» <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/plandokumenter/strategi/> (Henta 15.05.2022).